



Vestnes kommune – midt i blinken

Statusrapport : Helsetilstand i Vestnes 2016



INNHOLD

Innhaltsfortegnelse

- 1.Bakgrunn
- 2.Datagrunnlag
- 3.Befolkingssamansetting
 - 3.1 Folketalsutvikling
4. Oppvekst og levekår
 - 4.1 Utdanningsnivå
 - 4.2 Arbeidsdekning / arbeidsløyse
 - 4.3 Låginntektsfamiliar
 - 4.4 Sjukmeldte
5. Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
 - 5.1 Drikkevatn
 - 5.2 Vaksinasjonar
 - 5.3 Trygt og helsefremjande fysisk og sosialt miljø
6. Skader og ulykker
 - 6.1 Personskader
7. Helserelatert åtferd
 - 7.1 Røyking
 - 7.2 Overvekt og/eller fedme
8. Helsetilstand
 - 8.1 Diabetes type 2
 - 8.2 Hjarte- og karsjukdomar
 - 8.3 KOLS
 - 8.4 Muskel og skjelettlidingar
 - 8.5 Psykiske symptom og lidinger
 - 8.6 Tannhelse
9. Kjelder

Bilder på framside:

Sommar i småbåthamna på Helland / Johan Hjelvik
Konsert på Ytstetind / Åsmund Skålvik
Kveldssol over straumen / Olav Hole

1. Bakgrunn

Lov om Folkehelse

§ 5. Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i kommunen


Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne. Oversikten skal blant annet baseres på :

- a) opplysninger som statlige helsemyndigheter og fylkeskommunen gjør tilgjengelig etter §§ 20 og 25,
- b) kunnskap fra de kommunale helse – og omsorgstenestene
- c) kunnskap om faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innvirkning på befolkningens helse

Oversikten skal være skriftlig og identifisere folkehelseutfordringene i kommunen, herunder vurdere konsekvenser og årsaksforhold. Kommunen skal særlig være oppmerksom på trekk ved utviklinga som kan skape eller opprettholde sosiale eller helsemessige problemer eller sosiale helseforskjeller.

Folkehelseloven § 6 seier at oversikta etter § 5 skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategien etter plan- og bygningslova. Oversikta vil såleis også kunne peike ut sektorane sitt ansvar for folkehelsearbeidet.

Det systematiske folkehelsearbeidet



Forskrift om oversikt over folkehelseutfordringar presiserer i § 3, at kommunen sin oversikt skal omfatte opplysningar om og vurderingar av:


- a) Befolkingssamansetting
- b) Oppvekst- og levetilhøve
- c) Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- d) Skader og ulykker
- e) Helserelatert åtferd
- f) Helsetilstand

2. Datagrunnlag

I botn for brukte data i denne statusrapporten, er det i hovedsak Folkehelseprofilen for 2017 som er nyttig. I tillegg nokre utfyllande opplysningar frå statistikk og analysemateriell (sjå kjelder).

Data i Folkehelseprofilen er utvalgte nøkkeltal/indikatorar henta frå Kommunehelsa sin statistikkbank , som igjen bygger på datakilder som sentrale helseregister, statistisk sentralbyrå og andre. (Folkehelseinstituttet)

Folkehelseprofilen er bygd opp som ein rapport med ei rekke utsegn, informasjon om eit vald tema og folkehelsebarometeret. Profilane inneheld nøkkeltal knytt til befolkning, levekår, miljø, skule, levevanar, helse og sjukdom. Tema er vald ut frå eit førebyggingspotensial og kjende folkehelseutfordringar, men innhaldet i kvart einskild temaområde vil også vere eit resultat av kva som er tilgjengeleg statistikk på kommunenivå.



« Eit resultat av ein statistisk analyse, vert betegna som statistisk signifikant dersom det er lite sannsynleg at resultatet har oppstått tilfeldig.»

Det vil alltid råde usikkerheit i høve statistikk, kvar ein enn ligg. Det er heller ikkje sikkert at landsgjennomsnittet representerer det som er ynskjeleg i vår kommune . Viktig å gjennomføre helsekartlegging for å kome bak tala, og sjå kommunen vår sine utfordringar.

Gjennomgang / kva viser resultata i i høve folkehelsebarometeret for Vestnes

1. Befolkningsvekst (2015)
Signifikant forskjellig frå landsnivået / under
2. Personar som bur aleine, 45år (i prosent av befolkninga / 2016)
Signifikant forskjellig frå landsnivået / under
3. Personar over 80år , framskriven 2025 (utrekning basert på middels vekst i fruktbarheit, levealder og netto innflytting)
Signifikant forskjellig frå landsnivået / over
4. Vgs. eller høgare utdanning ,alder 30-39år / 2015
Under landsnivået , men ikkje signifikat forskjellig
5. Låginntekt (hushaldningar) 0 – 17år / 2014
(barn som bur i hushald med inntekt lågare enn 60% av norsk median
Landsnivået, ikkje signifikant forskjellig
6. Ulikskap i inntekt / 2014 (forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen)
Landsnivået, ikkje testa for statistisk signifikans
7. Barn av einslege forsørgjarar (av alle born det vert betalt barnetrygd for, 0-17år) / (2013-2015)
Landsnivået
8. Uførtrygda, 18-44år / 2013-2015 (mottakarar av varig uførepensjon)
Ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
9. **God drikkevassforsyning** / 2015 (definert som tilfredstillande resultat for E-coli og stabil levering av drikkevatn. Omfattar godkjenningspliktige vassverk.
Signifikant dårlegare enn landsnivået.
10. Forsyningsgrad, drikkevatn / 2015
Andel av befolkninga som er knytt til godkjenningspliktige vassverk
Landsnivået, ikkje testa for signifikans
11. Skader behandla i sjukhus / 2013-2015
Ikkje signifikant forskjellig frå landsgjennomsnitt
12. Nøgd med lokalmiljø,Ungdata / 2014-2016
Vestnes ikkje teke del i undersøkjinga
13. Med i fritidsorganisasjon,Ungdata / 2014-2016
Vestnes ikkje teke del i undersøkjinga
14. Fortrileg venn, Ungdata / 2014 – 2016
Vestnes ikkje teke del i undersøkjinga
15. Trivst på skulen, 10 klasse / Skuleåret 2010/11 – 2015/16
Ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
16. **Lågaste meistringsnivå i lesing, 5kl** / Skuleåret 2013/2014-2015/2016
Signifikant dårlegare enn landsnivå
17. **Lågaste meistringsnivå i rekning, 5kl** / Skuleåret 2013/2014-2015/2016
Signifikant dårlegare enn landsnivå
18. Fråfall i vidaregåande skule / 2013 -2015 (omfattar elever busett i kommunen)
Ikkje signifikant forskjellig frå landsnivå
19. Lite fysisk aktivitet, Ungdata 2014-2016
Vestnes ikkje teke del i undersøkjinga
20. Overvekt, inklusiv fedme, 17 år / 2012-2015 (basert på sjølvrapportert høgde og vekt
frå nettbasert sesjon)
Ikkje signifikant forskjellig frå landsnivå

21. Alkohol, har vore berusa, Ungdata / 2014 - 2016
Kommunen ikkje teke del i undersøkjinga
22. Røyking kvinner / 2011 – 2015 (fødande som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet i prosent av alle fødande med røykeopplysningar)
Ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
23. Forventa levealder, menn / 2001 - 2015
24. Forventa levealder, kvinner / 2001- 2015
Begge utrekningars er basert på aldersspesifikk dødeligheit
Kommunen ikkje signifikant forskjellig frå landsnivå
25. Utdanningsforskjell i forventa levealder / 2000 - 2014
Ikkje kommunedata
26. Nøgd med helsa, Ungdata 2014-2016
Kommunen ikkje teke del i undersøkjinga
27. Psykiske symptom./lidingar, primærhelsetenesta, 15-29år / 2013 - 2015
(brukarar av fastlege og legevakt)
Kommunen ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
28. **Psykiske symptom/lidingar**, primærhelsetenesta, 0 -74 år / 2013 - 2015
(brukarar av fastlege og legevakt)
Kommunen forskjellig frå landsnivået, därlegare ann
29. **Muskel og skjelett**, primærhelsetenesta / 2013 - 2015
(brukarar av fastlege og legevakt / utanom brot og skader)
Kommunen signifikant därlegare enn landsnivået
30. Hjarte-og karsjukdomar, behandla i sjukehus / 2013 - 2015
Signifikant betre enn landsnivået
31. Type 2 –diabetes, legemiddelbrukarar , 30-74år / 2013 – 2015
(brukarar av glukosesenkande middel, utanom insulin)
Kommunen ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
32. Lungekreft, nye tilfelle / 2006-2015
Kommunen ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
33. **Antibiotikabruk**, 0-79år, utlevering av antibiotika på resept (2015)
Kommunen signifikant forskjellig frå landsnivået, därlegare ann
34. **Vaksinasjonsdekning**, meslingar , 9år / Innmeldt 2011-2015
Kommunen signifikant forskjellig frå landsnivået, därlegare ann

3. Befolkingssamansettning

3.1 Folketalsutvikling

Vestnes har per 1. januar 2016: 6611 innbyggjarar

Befolkinga fordeler seg med ca 40% i Helland, vel 20% i Tomrefjord og resten fordelt i dei andre bygdelaga.

Utfordringsbilde:

Kommunen har hatt ein svak auke i folketalet siste 10 åra


Folkeaukinga er, og vil også framover vere avhengig av innflyttarar.

Aldersgruppa 65+ er i vekst og aldersgruppa 1-5år er forventa å auke noe.


I alderen 20-30år flyttar fleire ut av kommunen enn inn

I alderen 30-50 er fleire som flyttar inn til kommunen.

Folketalsveksten i Møre og Romsdal siste 10 åra 2007-2017



Folketalsutvikling, 2000 til 2017 og framskrivning til 2030





4. Oppvekst og levekårstilhøve

4.1 Utdanning

Utdanningsnivået i Vestnes er lågare enn elles i landet.

På landsbasis er det en sterk samanheng mellom utdanningslengde og helse og levevanar / omtala som sosiale helseforskjellar



Vidaregående utdanning

Vestnes har gått frå å ha eit høgt fråfall til eit lågare fråfall enn landet elles.

Undersøkinga « Ung i Møre og Romsdal 2015 » / utført av Møreforskning


Utfordring : At elevane frå Vestnes går på fleire ulike vidaregåande skular gjer det vanskeleg å innhente meir nøyaktig informasjon, både i høve fråfall og andre helseutfordringar.

Tiltak ; regional samkjørt deltaking opp mot Ungdata undersøking for aldersgruppa.

I grunnskulen viser elevundersøkinga høg trivsel blant elevane og lite mobbing.
Utfordring sett i høve ; -Faglege resultat på nasjonale prøver 5 klasse (2016)
Systematisk bruk av kartleggingsresultat / Nye som Ungdata
Styrke læringskvaliteten i skulen (Tiltak i gang / Årsmelding 2016)
Styrke det psykososiale miljøet (Tiltak / Årsmelding 2016)
Styrke samarbeidet opp mot foreldre og føresette

4.2 Arbeidsdekning / arbeidsløyse

Arbeidsplassdekning 2016



Arbeidsløyse

Etter å lege høgt siste månadane av 2015, sakk arbeidsløysa dei første månadane av 2016 (under snittet for fylket og landet). Ny stigning frå april og ut året (4,1 i desember).

Utfordring: Aktiviteten i verftsindustrien (direkte og i høve ringverknader til underleverandører)

4.3 Låginntektsfamiliar

Stor del born og unge som lever i familiar med vedvarande låg inntekt.
Handlingsplan og tiltak mot barnefattigdom / Leggast fram 2017

4.4 Sjukmeldte

Sjukmeldte personar i Vestnes er noko lågare enn i fylket og landet elles. Men dei tilsette i Vestnes kommune skilje seg negativt ut med ein høg sjukefråversprosent.

5. Fysisk, biologisk , kjemisk og sosialt miljø

Ei rekke miljøtilhøve har effekt på helsa.

5.1 Drikkevatn

Frå 2010 fekk Vestnes ein markant betring på prøveresultat av drikkevatnet , iht E-coli. Det er sett spørsmål opp mot resultat vist i folkehelsebarometeret for 2016. Samsvarar ikkje mot eigne opplysningar.

5.2 Vaksinasjonar

Vestnes ligg bra ann (sett i høve fylket og landet) mtp influensavaksine til eldre over 65år samt andre risikogrupper.

Vaksinasjonar (mesling) til 9åringar ligg därlegare ann enn landet førvrig.

5.3 Trygt og helsefremjande fysisk og sosialt miljø

Halde fokus i planlegging/prosjektering og utbygging.

Det vere seg tilrettelegging for parkeringsplasser ved utfartsområder, tilgang til badeplasser og andre friluftsområder . Og etablerer av toalettløysingar.

Arbeide for bygging av gang-/sykkelvegar som motiverer til aktivitet, syte for gate-/vegbelysning for trygg aktivitet i mørketida. Snøbrøyting og sandstrøing.

Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Samfunn som fremmar aktig, frisk og trygg alderdom.

Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner.

6. Skader og ulykker

6.1 Personskader

Vestnes skil seg ikkje negativt ut i høve andel personskader

Utfordringsbilde: - Førebyggande arbeid omkring planlegging i både offentleg og privat regi (Eks off.vegnett og bygg, samt privat regi / eigen heim

7. Helserelatert åtferd

7.1 Røyking

Røyking blant kvinner har gått betydeleg ned. Vestnes ligg no om lag på nivå med fylket og landet førvrig. (Folkehelsebarometeret)

Utfordringsbilde, nytt: Konsekvensar av ein generell auka snusbruk hos begge kjønn.

7.2 Overvekt og/eller fedme

Vestnes har ein høgare del menn med overvekt og/eller fedme ved sesjon enn fylket og landet elles.

Utfordringsbilde: Auka risiko for utvikling av livsstilsjukdom som diabetes type 2 , hjarte- og karsjukdomar og nokon kreftformer.

8. Helsetilstand

8.1 Diabetes type 2

Vestnes har ikkje lengre større andel brukarar av legemidlar av diabetes type_2 enn landet elles. Men likevel så høge tal at ein generelt skal ta dette alvorleg. Til dømes gjennom tidleg innsats med kosthald og fysisk aktivitet hos barn og ungdom.

8.2 Hjarte- og karsjukdomar

Kommunen har i perioden 2010 – 2015 hatt ein nedgang i høve hjarte- og karsjukdomar.

8.3 KOLS

I høve KOLS ligg kommunen noke over fylket, men rett under landsnivå. Ein del av utfordringsbilde i høve dei ulike sjukdomar, er førebyggande tiltak viktig. Men det er også eit viktig arbeid å skulle lære å leve med diagnose/sjukdomen

8.4 Muskel- og skjelettlidinger

Vestnes har ein høgare del personar med Muskel og skjelettlidinger (eks brudd og skader) (2013 – 2015), enn både fylke- og landsnivå. Kommunen har ein overvekt av bransjar som helse og omsorg samt bygg- og anleggsindustri. Bransjar som ein ser ein overhyppigheit av denne type plager (STAMI 2015)

8.5 Psykiske symptom og lidinger

Når det gjeld psykiske symptom og lidinger har Vestnes også høgare tal enn både på fylke- og landsnivå. Dette gjeld for alle aldersgruppene. Men ser ein nærmere på aldersgruppene, ser ein at det innanfor gruppa 0-74 år ikkje har vore vesentleg auke. Men det er innafor gruppa 15 – 29 år, ein ser den største auken. Noko som er i samsvar med det ein opplever ute i omsorgstenestene generelt.

8.6 Tannhelse

I løpet av siste ti-årsperioden har andel personar utan karieserfaring auka. Tala for Vestnes i 2016 viser at i høve 3-, 5- og 12 åringane, ligg kommunen bra ann samanlikna med fylkestal og på landsnivå. Men i gruppa for 18-åringar ligg vi noko under.

Viktig med gode samarbeidsrutinar opp mot dei ulike risikogruppene .

9. Kjelder

Lovdata.no

- Lov om folkehelsearbeid / Helse- og omsorgsdepartementet
- Forskrift om oversikt over folkehelsen / Helse- og omsorgsdepartementet
- Veileder til Folkehelselova og til Forskrift om oversikt over folkehelsa

Folkehelseinstituttet / Kommunehelsa statistikkbank www.fhi.no

Folkehelseprofilen 2017 / www.fhi.no/folkehelseprofiler

Fylkesstatistikk 2016 / <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk>

SSB.no

Vestnes kommune – Årsmelding 2016

<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Tannhelse>